

ERNA ØSLAND:

"Han som heiter Simon"

(2003)

Simon heiter han og finn ein pakke. Eit brevark, bretta i ein firkant. Ikkje berre ein gong, fleire gonger. Igjen og igjen.

Kven har lagt ein lilleputtpakke på pulsten hans?

Det er fredag, siste time, og Simon sit som vanleg bakarst. Rett bak Sigrid.

No ser han seg rundt. Han vil vite kven som har sendt den vesle pakken.

Kven har sendt meg eit brev? tenkjer han som heiter Simon.

Det er ingen som snur seg. Ingen gir seg til kjenne og følger med når han brettar ut brevet. Ein gong. To.

Han ser opp. Tre og fire. På nytt ser han opp. Fem og seks.

Nei, det er ingen som smiler til Simon!

Sju gonger er brevet bretta. Og når alle brettane er borte, finn han eit ord og eit tal.

Eitt ord. Og eitt tal: *Breistølen 14.*

Eit gatenamn og eit husnummer?  
Eller – eit gatenamn og eit klokkeslett?

Stad og tid, er det dét det er? undrast Simon. Han sit bak ryggen til Sigrid og speidar. Mest ser han på Georg og Kristoffer.

Snur dei seg no, så veit han at det er frå dei.

Snur dei seg *ikkje*, kan det likevel vere dei som har sendt det. For det er likt Georg og Kristoffer å sende ordrar til andre. Og i dag kan det vere til Simon. I dag er det han som skal innfinne seg. Turen er kommen til han. Det er *han* dei skal ta!

Sist veke var det Sigrid. Det blei Sigrid som måtte gråte på vegen heim. Ho – som elles er så stille – vart enda stillare. No snakkar ho *ikkje* til Simon eingong. Ikkje til nokon. Det er akkurat som Sigrid berre har rygg.

Det brenn i handa til Simon. Som ein eld går varmen frå brevet inn i armen, opp i hovudet. Den spreier seg i heile han.

Varmast blir han på øyra. Han må sjå ned, han må trykkje olbogane ned i pultplata for *ikkje* å skjelve så veldig at dei andre oppdagar det.

Resten av timen klarer *ikkje* Simon tenkje på annå enn brevet. Brevet med dei to orda. Det *må* vere Georg som har sendt det, han og Kristoffer. Det er derfor dei har så mykje å kviskre om.

Jo, det er dei. Det er dei som har sendt brevet. No skal dei ta han. No er turen kommen til han!

Heilt svimen kjenner Simon seg. Heilt kokt. Han sveittar og skjelv. Det er nett så vidt han greier å brette ut arket. Ikkje det at han vil det. Han greier berre *ikkje* å la vere. Gøynd bak ryggen til Sigrid vilar han dei to orda fram enda ein gong. *Breistølen 14.*

Det er ein ordre! Det er dét det er. Ein ordre om å komme til smauet og bli jult

opp. Etter skolen. Klokka to. Det passar akkurat, dei har jo fri halv to på fredag.

Simon veit han må komme. Han må lyde. Ingen kan nekte for det som Georg og Kristoffer vil. Slik er det på denne skolen. Slik er det for den som ikkje heiter Georg eller Kristoffer.

Slik er det.

Rettt og slett.

Han er den siste som går ut av klasserommet. Bak Sigrid.

Skal han ta ein annan veg enn den han brukar til vanleg? Skal han springe rett ned mot sentrum og gå der ei stund før han lurar seg heim?

Men om Georg og Kristoffer oppdagar han?

Da vil dei seie at han er ein feiging og verkeleg få ein grunn til å ta han. Og det grundig.

Nei, han får gå den vanlege vegen! Han får ta det som kjem.

Han byrjar på heimveg, den vanlege. Men

han går seint. Ikkje berre fordi han er varm. Han går seint fordi han plutsleg har komme på at den nye dama på kontoret brukar å gå same veg som han. Ho går også gjennom Breistølen, nett som han. Og om han går rett framfor henne, torer ikkje Georg og Kristoffer å gjere han noko. I alle fall ikkje så lenge ho ser dei.

Han går – ikkje så fort – oppetter Breistøveien.

Han ser på klokka.

Ti på to.

Han snur seg. Kjem ikkje kontordama snart?

Han styrer mot kiosken. Sakte, mens han leitar i lommene sine. Tolv kroner finn han og går inn.

Inne i kiosken stiller han seg ved vindauget. Han vil sjå når kontordama kjem forbi.

Om ho berre kunne komme!

Tida går, men kontordama kjem ikkje.

Ho kjem *ikkje!*

Kan ho ha gått forbi?

Utan å bry seg om kva sort det er, grip han to sjokoladar. Han betalar med hender så sveitte at myntane ikkje vil ned på disken. Han må klaske dei frå seg.

Mannen bak disken oppdagar det og flirer. Men Simon orkar ikkje bry seg. Han skubbar sjokoladane ned i lomma og stuper på dør.

Han kjem ut i gata, ser oppetter og nedetter.

Nei, kontordama er der ikkje!

Som i feber sjanglar han opp mot Breistølen.

Kvar er kontordama? Han kan ikkje sjå henne.

Enn om han gjekk tilbake til skolen? Ja, for han kan jo berre snu og gå tilbake. Som om han hadde gløymt noko.

Han spring mot skolen. Han styrtar av garde slik ein gjer når ein nett har opp-

daga at ein må hente noko.

Og han blir ikkje kaldare av det.

Heldigvis ser han kontordama. Han oppdagar henne nett idet han kjem inn på skoleplassen.

For Simon er det berre å snu.

Han begynner å gå heimover. For *andre* gong denne dagen, og denne gongen kastar han heile tida raske blikk bakover. Han vil vere sikker på at kontordama er der.

Kven ventar på Breistølen?

Han har kontordama rett bak seg og går på. Han går på, sjølv om hovudet kokar og hendene brenn.

Kven står på Breistølen? Og kva vil dei med han? Han ser dei ikkje, men han veit dei står der, og han har forstått kva dei vil.

Simon blir svimmel. Og sveitt! Beina er tunge og varme – armene òg. Men han vaklar vidare. Han orkar ikkje springe sin veg. Og slett ikkje forsvare seg! Om

kontordama ikkje er der når Georg og Kristoffer dukkar opp, kjem han til å få juling. Mykje juling.

Han snur seg stadig vekk for å sjå etter kontordama.

Ho er der vel?

Ja, ho kjem! Så han held fram. Han svingar seg oppover, ikkje så altfor langt framfor henne. Stadig nærare slepper han henne, det passsar han på.

Klokka er kvart over to, og Simon er midt i Breistølveien. Han ser frå side til side.

Heldigvis ser han ikkje Georg. Ikkje Kristoffer heller.

Har dei gitt opp? Gått sin veg?

Eg kjem til å klare meg, seier Simon til seg sjølv.

Eg vil klare meg! jublar det i han etter kvart som han går. Enda ein dag vil han komme seg unna Georg og Kristoffer.

Det blir brattare, men kontordama set opp farten. Det passsar Simon godt, han

går også fort. For han kjenner seg betre no. Varmare, men betre. Tryggare.

Eit langt stykke går han utan å snu seg.

Og når han endeleg gjer det, er ho borte. Kontordama er vekk!

Da gir han opp. Det blir likevel hans tur i dag. Georg og Kristoffer kjem til å finne han. Dei kjem til å få tak i han! Det blir han som må gråte i dag.

Det er min tur, tenkjer Simon. Redsla slår ned i han som eit lyn. Han fær saman. Han ristar. Verst er det i skuldrene. Armane dirrar så veldig at han må stikke hendene i lomma. For han vil ikkje komme skjelvande mot dei! Dei kan få jule han, men ikkje le av han, det orkar han ikkje.

Han kokar. I hovudet og på ryggen. Ja, og i hendene. Mest i hendene. Dei svir.

Men han går vidare. Han held same retning. Av alle krefter klemmer han hendene i lommene, ser rett fram og går sakte mot toppen av Breistølen.

Øvst i Breistølen er det trøgt, så han ser henne straks.

Ho sit bøygd over skoa. Ryggen er spinkel, litt bøygd. Håret heng nedover skuldrene. Men han ser at det er henne.

- Sigrid.

Sigrid med ryggen!

Knyter ho skoa?

Kanskje.

Ho blir i alle fall fort ferdig når han står der. Ho reiser seg straks ho får sjå han.

Ho kjem mot han.

Rett mot han kjem ho!

Ho er ikkje utan rygg, men han ser den ikkje, ho har ryggen sin bak.

- Du fann den? spør ho.

Ho kjem nærare, heilt inntil han, med den nye sida fram.

- Fann, ja! dett det ut av han.

Kva ho spør etter - kva han fann - er han ikkje sikker på. Han er for varm i hovudet. Han er aldeles fortumla, veit mest ikkje kva han heiter lenger. Så han

spør ikkje meir, han berre ser på henne. Kor fin ho er. Kor fin ho er på den andre sida av ryggen.

Han liker henne.

Heile henne.

Men framsida best!

- Eg var så redd du ikkje skulle skjønne kva eg ... seier ho så stilt at han ikkje hører resten. Det er som ho tek orda sine tilbake idet ho vender seg frå han.

Nei, ho må ikkje snu seg!

- Skjønnte jo dét, skundar han seg å seie, han får til dét, det går mest av seg sjølv.

- Med ein gong? At den var frå meg?

Ho blir ståande. Utan at Georg og Kristoffer kjem. Og Simon - han som heiter Simon - blir heilt glad.

- Lappen, ja!

- Men klokka ... seier ho, - eg trude ...

Han får hendene opp av bukselommene, strekkjer dei fram med sjokladar.

- Eg måtte på kiosken først!

Ho tek ein, den minste. Ho står midt framfor han og pakkar ut ein skeiv sjo-kolade. Men ho seier ikkje noko om det, at den er skeiv, altså! Ho berre bit til, og sleikjer seg på leppene.

Mens han pakkar opp sin. Like skeiv. Og varm. Og injuk.

– Eg hadde gløymt ei bok, seier han og tygg og syg. – Eg måtte springe for å nå deg.